



Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1863 - 17/32923

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
05.12.2017

## Avslag på søknad om utsleppsløyve frå fritidsbustad - gbnr 238/41 Eknes indre

**Administrativt vedtak saknr.:** 538/17

**Tiltakshavar:** Harald Nordås

**Ansvarleg søker:** Lindås Rør & Sanitær AS

**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

**Søknadstype** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for eksisterande fritidsbustad på gbnr 238/41.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar ( 4 m<sup>3</sup>) før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til sjø på 20 meters dybde, utsleppstad Eknes indre. Det skal installera vassklosett. Storleiken til utsleppet er opplyst til 6 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 09.06.17 og supplert 12.08.17.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet og i frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø for etablering av slamavskiljar og utsleppsleidning.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 09.06.17 og 12.08.17.

### Reinseløysing



Utsleppet frå eideomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Drift og vedlikehald**

Eideomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eideomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eideomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eideomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

### **Privatrettslege tilhøve**

Slamavskiljar er synt plassert på eigen grunn medan utsleppsleidning går over eideom gbnr 238/3 før den igjen går inn på naustparsell for eideom gbnr. 238/41 og så til sjø.

Det ligg føre tinglyst rett til å grave grøft for vatn og avløp datert 02.08.16 mellom gbnr. 238/41 og gbnr. 238/3.

### **VURDERING**

I § 4 i i forskrift for slamtømming vedteknen for Lindås kommune i vedtak datert 24.06.2004 går det fram at tilkomstveg til slamavskiljaren skal ha naudsynt fri breidde, fri høgde og bæreevne for tømmebil, normalt 8 tonn akseltrykk.

Det er i søknad opplyst at tilgrensande fritidsbustadar har slamkiljar som vert tømd med tømmebil. Vi har ved kontroll i høve kommunale avgifter ikkje registret kloakkavgift på naboeideomar. Ved kontroll mot føretak som utfører slamtømming i Lindås kommune, i samsvar med den kommunale slamtømmeordninga, er det ikkje registrert at det vert gjennomført slamtømming på oppgjeve eideomar.

Kommunen si vurdering, etter synfaring, er at det ikkje let seg gjere å gjennomføre slamtømming etter slamtømmeforskrifta på den aktuell eideomen. Omsøkt løysing for slamtømming er ikkje innanfor dei ordinære vilkåra og kan ikkje godkjennast.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering ikkje godkjennast slik han ligg føre. Avlaupsanlegg med slamavskiljar skal knytast til kommunal slamtømmeordning på ordinære vilkår, jf. slamtømmeforskrifta.

Vi gjer merksam på at slamavskiljar med utslepp til sjø slik det er opplyst etablert på naboeideom i brev datert 12.08.17 kan vere lovleg etablert ved eit tidlegare høve, då det ikkje vart kravd at fritidsbustadar skulle inngå i den kommunale slamtømmeordninga.

### **Plassering**

Slamavskiljar med utslepp av svartvatn til recipient Osterfjorden kan etter kommunen si vurdering ikkje godkjennast i samsvar med kart mottatt 09.06.17 supplert 12.08.17.

Avlaupsanlegg med slamavskiljar skal knytast til kommunal slamtømmeordning på ordinære vilkår. Omsøkte løysing for slamtømming er ikkje innanfor dei ordinære vilkåra og kan ikkje godkjennast.

Alternativ avløpsløysing kan vera utslepp av gråvatn der ein kan godkjenna direkteutslepp til god sjøresipient, eller reinsing i slamavskiljar før utslepp til sjø. Ein vil då måtte nytte biologisk avløpstett toalett. Eit anna alternativ kan vere minireinseanlegg.

**VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 12-5 vert det ikkje gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på eigedom gbnr. 238/41. Grunngjevinga går fram av vurderinga over.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1863**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Jannicke Myran og Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------

